

RETNINGSLINJER FOR BRUK AV SENTRUMSPARK SOGDAL

Målsetjing med å skape park i den sentrale delen av Sogndal sentrum var eit ynskje om;

- eit visuelt grøntdrag
- betre kontakt med fjorden
- ein akse for gang- og sykkeltrafikk
- ein sentral leikeplass og rekreasjonsområde
- ein stad for aktivitetar
- ei fin ramme rundt Bondevikhuset og aktivitetane der
- bidra til å gjere sentrum til eit attraktiv stad for handel og aktivitet

For å sikre god forvaltning er det utarbeida retningslinjer for bruk av parken og handsaming av søknader i høve arrangement og arealleige i parken.

1. I vurdering om bruk av Sentrumparken vert det lagt vekt på at arrangementet bør:

- ivareta parken sin kvalitet
- ikkje væra generande i høve til opplevinga av parken, parken sine andre brukarar eller naboar
- ha et allment innhald
- være gratis for publikum
- være utan fysiske stengsler som hindrar publikum i å ferdast i parken
- ha avgrensa kommersiell aktivitet slik at ordinært torgsal framleis skal vera på Fossatunet

2. Det vil ikkje verta gjeve løyve til:

- permanent reklame og profilering av sponsorar eller liknande
- arrangement som vert vurdert til å skade parkanlegget

3. Areal vert ikkje utleigd til riggplass eller liknande som ikkje er forårsaka av arbeider i parken (reparasjonar, rehabilitering, bygging).

4. Leiga vert regulert etter kven som leiger, kva slag aktivitet som skal utøvast og kva del av parken som skal nyttast.


- Dersom formålet med leigetilhøvet er sal og/eller marknadsføring av produkt, eller det skal utførast anna kommersiell verksemd, skal arrangementet som heilskap betraktast som kommersielt, sjølv om leigetakar er offentleg, ideell eller kulturell.

Alternativt kan leigebeløpet sin storleik vurderast konkret i forhold til det merkantile innslaget når det er offentleg/ideell/kulturell leigetakar.

I fastsetting av rein kommersiell leige skal ein vurdere kor stor den økonomiske omsetninga kan vurderast å verta. Dess større omsetning og vurdert fortjeneste for arrangør (gjennom direkte sal eller i indirekte marknadsføringsverdi), dess større bør leigesummen vera.

Leigeprisen er pr. døgn, dvs. inkl. tid til opp- og nedrigging, rydding og rengjøring av området:

	Offentleg/kulturell/ideell	Kommersiell	Salsbod
Felt A	Fri bruk	Depositum kr.10 000 + leige vedteken i kom. årsbudsjett	Ikkje tillete
Felt B	Fri bruk	Som over	Ikkje tillete
Felt C	Fri bruk	Som over	Ikkje tillete
Felt D	Fri bruk	Som over	Ikkje tillete



5. Søknader må sendes skriftlig til Sogndal kommune v/tenestoraget og innehalde opplysningar om:

- arrangør, evt. medarrangørar
- kva slag aktivitet det vert søkt om
- tidspunkt (frå/til dato inkl. rigging)
- kvar i parken og storleik på areal
- kva slags utstyr som skal brukast (scener, gjerder, bodar, etc.), og korleis dette vil verta frakta ut/inn av parken og rigga til
- bruk av høgtalarutstyr
- korleis dette vil påverke andre besøkande i parken
- om det er behov for straumtilknytning

6. Retningslinjer for bruk av sentrumspark er ikkje til hinder for bruk av parken til 17. mai arrangement.

7. Administrasjonen skal leggje fram søknader som det kan være tvil om utfallet av for handsaminga i forvaltningsutvalet.

Tenesteeining for Kommunalteknikk tek den endelige avgjerda og er kontraktpart.

Sist oppdatert 06.05.2010